



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 19/20069-4	Dykkar referanse: 19/356-19/19189	Vår dato: 19.07.2019
------------------------------------	---	------------------------------	--------------------------------------	-------------------------

Førebels uttale –Dispensasjon –Fv. 397 – Gbnr 38/28 Hodne – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev datert 19.06.2019 .

Lindås kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon for å rive eksisterande tomannsbustad og oppføre ny einebustad med sekundærhusvære. Det er i tillegg ein eksisterande kårbustad på eigedomen som framleis skal bestå. Kommunen opplyser at eigedomen er avsett til bustadområde jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås.

Statens vegvesen meiner i utgangpunktet at det må søkjast om avkøyrsløyve for omsøkte tiltak. Vi vil vise til at bruken over tid er endra frå landbruk til bustad. Eigedomen er registrert med to brukseiningar jf. kommunen sitt eigedomsregister, medan det no vert søkt om tre bueiningar.

Kommunen har ikkje opplyst i sitt brev kvifor det vert søkt dispensasjon, det er difor vanskeleg å uttale seg konkret. I tillegg kjem det fram av kommunen sitt planregister at eigedomen er del av reguleringsplan *Hjellebrekka Myking (1997)*. Planen er ikkje digitalisert, så vi kjenner ikkje status for denne, eller om den framleis er gjeldande. Dersom eigedomen er regulert og skal nytte avkøyrsløye i samsvar med plan, er det Lindås kommune som er rett mynde.

Med bakgrunn i dette ber vi kommunen om fleire opplysningar til saka, før vi kan ta stilling til spørsmål om dispensasjon.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeteiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.